

2025

# Arbeidsprogramm 2025




Fosse, Jan Magne

For styret UL Sambyggingen

15.01.2025

## Arbeidsprogram 2025



### Arrangement planlagt for 2025

30 januar Årsmøte kl. 1800

2. februar Bygdekafe

2. mars Bygdekafe - Fastelavenssundag

30. mars Bygdekafe

Vårdugnad 5. april

Den tradisjonelle vårdugnaden er planlagt til 6. april. Sett av dagen, og ta eit tak for laget. 😊

17. mai Tradisjonel 17. mai feiring på dagen

### 17. mai Pubkveld ?

Planen er å ha eit arrangement på kvelden. Sidan det er Melodi Grand prix same dagen vil me først undersøkje med medlemmene om det er stemning for eit arrangement. Kanskje me kan laga ein Melodi Grand prix fest?

### 28. mai Alversunddagane – Dans med Grasslands

I samband med Alversunddagane 2025 arrangerer innviterer me til dans med Grasslands. Dei har me hatt på besøk før. Dei byr på nydeleg dansemusikk og god stemning.

### 30. mai (evt. 27. mai) Poesikveld.

I samband med Alversunddagane 2025 vil me også invitera til Poesikveld. Program kjem seinare.

### 13. og 14. september loppemarknad

I år blir loppemarknaden allereie i september, og me håpar på god oppslutning.

### 18. oktober jubileumsfest

I år har laget 125 årsdag, og me vil invitera alle medlemmene til jubileumsfest. Her satsar me på god underhaldning, musikk, dans, og ikkje minst god mat og drikke.

### Andre arrangement til hausten

Følg med på nettsida vår: [www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no) her vil me leggja ut andre arrangement i haust så snart dei er klare.

### Nyhetsbrev

På nettsida vår [www.sambygdingen.no](http://www.sambygdingen.no) kan du abonnere på nyheitsbrevet vårt. Da vil du få e-post om nye arrangement, og viss det blir endringar i programmet.

### Arbeid med huset

Taket i gangen skal skiftast. Skuret på vest sidan fekk ny døyr, og utbetringar på utsida i fjor, men det står att ein del på innsida. Innandørs er det ein del som treng eit strøk måling. Me må også få orden på belysninga utandørs. Her er det mykje som ikkje fungerer, og må skiftast ut. Me vil skifta til ledd lys.

### Ball bana

Ball bana treng ei utbetring. Å leggja nytt dekke kan bli omfattande. Myra er djup, og det er stor uvisse om kor omfattande ein slik jobb vil bli. Det ligg føre eit forslag om å kjøpa eit "byggjesett" med ballbane med kunstgras, og plassera på delar av dagens ballbane.



Dette vil bli tatt opp som sak på årsmøtet